



Vår dato:

31.05.2022

Vår ref:

2022/6955

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 238/26 - Eknes indre - oppføring av bod - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 11.05.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av bod på 18 m². Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF. Det søkjast dispensasjon frå LNF og byggegrense mot sjø.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesetteste. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

I Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø er det også eit klart premiss at utvikling i strandsona skal skje gjennom planlegging og ikkje igjennom enkeltvise dispensasjoner. Dette gjeld uavhengig av sone. I tillegg ligg tidlegare Lindås kommune i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. I disse områda skal byggeforbodet praktiserast strengt i planlegging og dispensasjoner skal unngåast i områder der presset på areala er stort. Vi vurderer i utgangspunktet at området har press på areala.

Det vart i 2016 gitt dispensasjon for ein bod på egedomen. No er det søkt om enda ein bod. Tiltaket er lite, og eit stykke frå sjø. Likevel vil kvart nytt bygg på egedomen i nokon grad auke privatiseringa av området, og området vil verte meir bygd. Vi vurdere dette som uheldig. Vi er uroa for ein bit for bit utbygging av området, der samla verknad av tiltaka er langt større enn kvart enkelt tiltak.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i saka.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN